

BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR
BYUTVIKLING
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 09.06.2016
Vår ref.: 2015/9320-5
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn til avgrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 8. juni om begrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sotrasambandet i Bergen kommune.

Komité for miljø og byutvikling i Bergen kommune har tilrådd å vedta reguleringsplan med ei endring som inneber at kollektivfelta som er godkjent av Vegdirektoratet vert innarbeidd som ein del av reguleringsplanen. Kollektivfelta skal visast i plankart og bli innarbeidd i føresegnene til planen.

Endringa er i tråd med Hordaland fylkeskommune si fråsegn og vedtak i Fylkesutvalet 3.12.2015 der vedtakspunkt 2 lyder:

«Det er avgjerande viktig at utforminga av Sotrasambandet vert dimensjonert, og utforma på ein måte som underbyggjer målet om nullvekst i personbiltransporten. Fylkesutvalet føreset ein offensiv kollektivprioritering, og legg til grunn at gjennomgåande kollektivtrasé vert prioritert på strekninga Straume - Storavatnet frå første dag. Fylkesutvalet tilrår at det vert utarbeidd føresegner i planane som sikrar dette. I tillegg bør det vere kollektivfremjande tiltak på lokalvegen mellom Straume og Bildøy».

Hordaland fylkeskommune har i si fråsegn lagt vekt på at kollektivfelt må bli etablert på eit tidleg stadium. Prioritering av kollektivtransporten bør innarbeidast i føresegnene i reguleringsplanane så langt som fråviksvedtaka til vegdirektoratet opnar for det. På denne måten vil ein sikre at kollektivløysingane som er skissert i planforslaget står klare og kan takast i bruk frå første dag det nye sambandet opnar slik fylkesutvalet har vektlagt i sitt vedtak.

Statens Vegvesen har varsla motsegn dersom denne endringa vert gjennomført. Bakgrunnen er at dei meiner at regulering av kollektivfelt skal skje gjennom vegtrafikklova og at vegmyndigheitene har fleksibilitet i forvaltninga av vegsystemet. Det er viktig at reguleringsplanen no vert vedteken for å sikre vidare framdrift i arbeidet med bompengesøknad og prosjektering. Partane er einige om dei fysiske delane av prosjektet, usemja handlar om korleis føresegnene er utforma. Dersom Statens Vegvesen no fremjar motsegn slik dei har varsla, vil Hordaland fylkeskommune rå til at Bergen kommune vedtek dei delane av planen det ikkje er knytt motsegn til. På denne måten kan prosessen knytt til bompengesøknad halde fram samtidig som arbeidet med innløyning av tomter kan starte opp.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår til at planen vert endra slik Bergen kommune foreslår. Endringa er i tråd med vedtak fatta i fylkesutvalet i Hordaland.

Eva Katrine Ritland Taule
konstituert plansjef

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest
Fjell kommune